

# Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest

## 1. Formål med instruksen

Denne instruks beskriver rammene for administrerende direktør sitt arbeid og omhandler ansvar, oppgaver, plikter og rettigheter. Instruksens bygging er basert på lova om helseforetak og vedtektene for Sjukehusapoteka Vest HF.

## 2. Overordna rolleavklaring

Styret fastsetter strategier og rammer for Sjukehusapoteka Vest HF. Administrerende direktør si rolle er å utvikle og sette i verk strategier og handlingsplaner på lang og kort sikt i samsvar med styrets sine beslutninger og instruksar, samt å følge disse opp, jfr. § 37 i helseforetakslova.

Styret tilsetter administrerende direktør, fastsetter lønna og andre tilsetjingsvilkår. Styret skal føre tilsyn med administrerende direktør sitt arbeid. Styret gjør vedtak om å seie opp eller avskjedige administrerende direktør, jfr. § 36 i helseforetakslova.

Administrerende direktør deltar på styremøter med mindre særlege grunnar tilseier noko anna. Administrerende direktør har tale- og forslagsrett i styremøtet.

## 3. Administrerende direktør si myndighet

Administrerende direktør utøver den daglege leiinga av Sjukehusapoteka Vest HF og skal følge dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i foretaket er av uvanleg art eller av stor betydning. Administrerende direktør pliktar å føreleggja saker av slik natur for styret. Dersom det vil medføre vesentleg ulempe for foretaket si verksemd å avvende vedtak i styret, kan dagleg leiar avgjere slike saker. Styret må i slike tilfelle bli underretta om saka snarast råd.

Den nærmare avgrensinga av myndigheita til administrerende direktør i forhold til styret, kan fastsetjast i eigen fullmaktsmatrise.

Administrerende direktør representerer foretaket utad i saker som fell inn under hans/ hennar myndighet, jfr. helseforetakslova § 39. Dette inneber at administrerende direktør representerer foretaket utad i saker som høyrer inn under den daglege leiinga i foretaket.

## 4. Administrerende direktør sine oppgaver

### 4.1 Overordna føringar

Administrerende direktør skal arbeide for at Sjukehusapoteka Vest HF utfører sine hovudoppgåver slik det går fram av vedtektene, føretaksprotokollar, styringsdokument , overordna føretaksplan for Helse Vest og strategidokument vedtatt av styret i Sjukehusapoteka Vest HF.

Administrerende direktør har ansvar for at regionale oppgåver, mål og strategiar som fylgjer av dokumenta nemnd ovanfor blir kommunisert og etterlevd i helseføretaket sin organisasjon.

Det er administrerende direktør sitt ansvar å sørge for at helseføretaket sin eigen visjon, verdigrunnlag, mål og strategiar blir kommunisert og etterlevd i organisasjonen.

### 4.2 Hovudoppgåver

Administrerende direktør sine hovudoppgåver følgjer naturleg av rolla som dagleg leiar av Sjukehusapoteka Vest HF. Nedanfor er ei oversikt over hovudoppgåver som inngår i ansvaret til administrerende direktør.

#### 4.2.1 Strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering

Administrerende direktør skal innan rammene fastsett av styret sørge for at det i helseføretaket vert gjennomført langsiktig strategisk planlegging, samordning av oppgåver og budsjettering. Dette arbeidet skal utførast i samsvar med dei rammer for samarbeid og samhandling i regionen som er trekte opp av Helse Vest RHF, jfr. § 5 i vedtektene.

#### 4.2.2 Regnskap

Administrerende direktør skal sørge for at føretaket si registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på betryggande måte, jfr. helseføretakslova § 37, siste ledd.

#### 4.2.3 Rapportering

##### a) Informasjon til styret

Administrerende direktør har plikt til å informere styret om føretaket si verksemd, stilling og resultatutvikling. Minst kvar 4. månad (tertial) skal administrerende direktør gi styret skriftleg rapport om situasjonen i Sjukehusapoteka Vest HF, jfr. § 38 i helseføretakslova. Rapporten skal innehalda både økonomiske og ikkje-økonomiske forhold, her under eit spesielt fokus på helsefagleg kvalitet og innhald samt effektivitet. Særleg må det gjerast greie for føretaket si stilling og utvikling i forhold til vedtekne planar og budsjett.

På kvart styremøte skal det orienterast om selskapet sin økonomiske og driftsmessige situasjon. Styret har til ein kvar tid rett til å krevje at administrerande direktør gir styret informasjon både av generell art og i saker av særskilt interesse. Tilsvarande har administrerande direktør ansvar for å halde styret informert om vesentlege forhold så vel internt som eksternt.

b) Årsmelding og årsrekneskap

Administrerande direktør skal utarbeide forslag til årsmelding og årsrekneskap til styret. Administrerande direktør har ansvaret for at årsmelding og årsrekneskap blir sendt føretaksregisteret.

c) Rapportering til Helse Vest RHF

Administrerande direktør har ansvar for å førebu rapportering til Helse Vest RHF slik som styret er pålagt etter § 13 i vedtektene for Sjukehusapoteka Vest HF. Dette omfattar årleg melding og kvartalsvis rapportering i samsvar med dei krava som er stilte i § 13 i vedtektene.

## 4.3 Saksførebuing

### 4.3.1 Styremøter

Styreleiar har det formelle ansvaret for styrebehandlinga av sakene. Saksliste vert sett opp av styreleiar i samråd med administrerande direktør. Administrerande direktør førebur sakene til styremøtet i samråd med styreleiar. Administrerande direktør føretekk innkalling til styremøta i samråd med styreleiar.

Administrerande direktør kan krevje at styret vert kalla saman.

Styreprotokollen skal først i tråd med offentlegheitslova og krava til meiroffentlegheit.

## 4.4 Føretaksmøtet

Administrerande direktør pliktar å møte i føretaksmøtet og har rett til å uttale seg i møtet. Ved lovleg forfall møter stedfortredar.

## 4.5 Leiarfora

Administrerande direktør skal delta i det etablerte leiarfora (direktørmøtet) i Helse Vest.

Administrerande direktør skal sørge for at helseføretaket er representert i dei andre leiarfora i Helse Vest.

Administrerande direktør har ansvar for at det vert etablert effektive leiarfora og drive gode leiarutviklingsprosessar i helseføretaket. Administrerande direktør skal ha eiga leiargruppe i Sjukehusapoteka Vest HF.

#### **4.6 Samarbeidsprosjekt i Helse Vest**

Administrerende direktør skal sørge for at helseføretaket deltek i regionale samarbeidsprosjekt som Helse Vest RHF tek initiativ til. Dette omfattar også nasjonale eller inter-regionale prosjekt som Helse Vest RHF ber om at helseføretaket deltek i.

#### **4.7 Samarbeid med andre**

Administrerende direktør skal bidra til at det vert etablert nødvendig samarbeid med og rettleiing ovafor kommunane både administrativt og klinisk, slik at pasientane vert sikra eit heilskapleg helsetilbod. Det same gjeld i forhold til fylkeskommunale samarbeidspartar og i forhold til andre aktuelle statlige ansvarsområde.

Administrerende direktør skal medverke til at det vert etablert samarbeid med kommunane i helseregionen om utvikling av samhandlingsreforma og målsetjinga om at pasientar og brukarar får eit heilheitleg tilbod om helse- og omsorgstenester i samsvar med lova om helse- og omsorgstenester.

Administrerende direktør skal bidra til at det vert etablert nødvendig samarbeid med universitet og høgskular i samsvar med eigen instruks om samarbeid med helseføretaka.

Administrerende direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar sikre brukarmedverknad i samsvar med § 35 i helseføretakslova og vedtektene.

#### **4.8 Kommunikasjon og openheit**

Administrerende direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som legg til rette for openheit og innsyn og er eigna til å byggje tillit til og styrke omdømmet til verksemda. I dette arbeidet skal lov om offentlegheit og krava til meiroffentlegheit leggjast til grunn.

#### **4.9 Personal og organisasjon**

Administrerende direktør har ansvaret for at Sjukehusapoteka Vest HF er rett organisert og har ein samla kompetanse som sikrar at oppgåvene blir ivaretatt på ein god måte.

Administrerende direktør har ansvaret for at det vert etablert fullmaktsstruktur som sikrar at det er klarheit omkring fullmaktsforhold i verksemda.

Administrerende direktør har ansvar for at det vert utvikla system, rutinar og haldningar som sikrar at krava til helse, miljø og sikkerheit vert ivaretatt, og at det blir tilrettelagt for eit sunt og godt arbeidsmiljø.

#### **4.10 Samfunnsansvar og etikk**

I staten sin eigarskapspolitikk er det formulert forventningar om samfunnsansvar innafør 4 hovudområde knytt til menneskerettigheiter, arbeidstakarrettigheiter, forbygging mot korrupsjon samt klima og miljø. Administrerande direktør har ansvar for korleis den samla verksemda påverkar desse områda, både gjennom kjøp av varer og tenester og som direkte effekt av eiga verksemd, og må difor sørge for at det er etablert gode rutinar og retningslinjer for å ivareta dette ansvaret.

Det er uttrykt klar forventning til at statleg eigde verksemdar har etablert etiske retningslinjer som del av samfunnsansvaret sitt. Helseføretaka forvaltar sentrale velferdsgoder i samfunnet, og det er viktig at leiing og tilsette har tillit i offentlegheita. Administrerande direktør har ansvar for at verksemda har etablert etiske retningslinjer som er kjende og som alle tilsett føreheld seg til.

### **5. Resultatkrav og evaluering av administrerande direktør**

Styret skal ein gong årleg gjennomføre evaluering av administrerande direktør. Styret kan fastsetje årlege resultatkrav til administrerande direktør. Styreleiar skal kvart år ha ein leiarsamtale med administrerande direktør.